

FAKTAARK

Halsnøy kloster

Klosteret på Halsnøy midt i Sunnhordland var eitt av fem augustinaranlegg i Noreg i mellomalderen. Klosteret vart truleg etablert midt på 1100-talet, og i følgje somme kjelder knytt til kroninga av Magnus Erlingsson. Fundatsgodset var konsentrert ikring nokre storgardar i Sunnhordland, Karmøy og Jæren. Domenegarden Halsna var gamalt hovdingsete. Gjerde i Etne var største garden i Hordaland og truleg krungods då det vart overgjeve til klosteret. Ved inngangen til reformasjonen hadde Halsnøy Kloster det største jordegodset av alle norske kloster. Det var såleis ein betydeleg økonomisk maktfaktor og dreiv utstrakt handel.

Godset vart administrert som eit len under kongen etter reformasjonen, og etter innføringa av eineveldet som eige futedøme. Futen, Andreas Juel, kjøpte klostergarden i 1758, og garden er framleis i familien si eiga.

Sjølve klosteranlegget vart bygt ut ved etableringa, men monaleg utvida og nybygt etter store brannskader, på 1300-talet. Det er ruinar etter dette anlegget som står i dag og er gode døme på gotisk byggeskikk. Kyrkja som var den dominerande bygningen, har truleg tidleg vorte skada. I dag står det berre ein liten rest att frå det sør-austre hyrna. Det er det ytre klosteranlegget som er best bevart. Vestfløyen står under tak og inneheld restar etter bakaromnar, malturke og røykonn. Murrestar i det sør-vestre hyrna har vore årsak til mange spekulasjonar. Kanskje har det vore badstove, eller kanskje kisterom, eller kanskje noko heilt anna? Nordfløyen har også tak og inneheld fire mindre rom som var i bruk til nyare tid. Ruinane utan tak er dels prega av restaurering på 1930-talet. Fleire av dei var truleg grunnhøgd i våningshuset som vart rive ikring 1841, då det nye bustadhuset vart teke i bruk. Dette siste er sentrum i museumsområdet Halsnøy Kloster som elles består av ruinar, park



Halsnøy kloster sørfløyen. Foto Helen Petersen, Sunnhordland Museum



Klosterbrygga. Foto Helen Petersen, Sunnhordland Museum

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og er faglig rådgiver for Miljøverndepartementet i utviklingen av den statlige kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlige kulturminnepolitikken blir gjennomført og har i denne sammenheng et overordnet faglig ansvar for fylkeskommunenes og Sametingets arbeid med kulturminner, kulturmiljøer og landskap.



med store edellauvtre, brygge og naust. Det er laga til kulturstar i nærområdet.

ARENA FOR KUNST OG KULTUR

Sunnhordland Museum overtok museumstunet i 1956 og nyttar det som ein kulturell arena med omvising for turistar, skulebesøk, føredrag, konsertar og utstillingar. Museet skipar årleg til mini-festivalen "Klosterdagen" med eit breidt kulturelt program. Tilskipinga skjer i samarbeid med eit aktivt venelag; venelaget for Halsnøy Kloster. Godt samarbeid med Riksantikvaren har dei siste åra gjeve eit løft for skjotsel og ruinkonservering.



Frå omlag 1939. Foto Gerhard Fischer, Riksantikvaren



Vestfløyen er ein av dei mest autentiske steinbygningane frå mellomalderen i Noreg. Foto Helen Petersen, Sunnhordland Museum

Tekst: Tore Lande Moe, Sunnhordland Museum

Besøksadresse: Dronningensgate 13, 0152 Oslo,

Postadresse: Riksantikvaren, Direktoratet for kulturminneforvaltning, Postboks 8196 Dep. N-0034 Oslo

Telefon: (+47) 22 94 04 00, Telefaks: (+47) 22 94 04 04, e-post: postmottak@ra.no

Januar 2012